



kultur Hordaland fylkeskommune
P.b. 7900
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1489 - 19/13660

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
18.06.2019

Oversending av vedtak - detaljregulering Fv. 564/244 Frekhaugkrysset - 1. gongshandsaming

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Larissa Dahl
Konsulent

Andre mottakarar:

kultur Hordaland fylkeskommune, NGIR, toril.amundsen@multiconsult.no, Torsvik Eva-Beate Rundereim

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merethe Tvedt	PlanID-1256 2017 0003, Plannavn-Fv. 564/244 Frekhaugkrysset, Komnr-1256, Gbnr-24/77, FA-L13	17/1489

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
58/2019	Utval for drift og utvikling	PS	11.06.2019

Detaljregulering Fv. 564/244 Frekhaugkrysset - 1. gongshandsaming

Vedlegg:

Fagrappport geoteknikk
Kulturhistoriske registreringar
Notat_Geoteknisk
Notat_Tolkning av grunnforhold
Plankart_1
Plankart_2
Planomtale
Reguleringsføresegner
ROS-analyse
Støyrappport
Tekniske teikningar
VA-Rammeplan

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statens vegvesen legg i samarbeid med Multiconsult og på vegne av vegeigar Hordaland fylkeskommune, fram forslag til detaljregulering for fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244, PlanID. 1256 20170003.

Planområde er på om lag 210 dekar og gjeld delar av fv. 564 (350m) forbi Frekhaug sentrum og delar av fv. 244 (850 m) fram til snu sløyfe for buss ved Sagstad skule/Meland Aktiv. Fylkesvegane som skal regulerast går gjennom område med sentrumsføremål, tenesteyting, landbruksareal, bustadområde, og tett inn mot skule og idrettsanlegg. I tillegg er det i planen teke med areal for framtidig ombygging av kollektivhaldeplass ved Frekhaug sentrum.

Dei planlagde tiltaka vil delvis kunne realiserast i Nordhordlandspakken sitt prosjekt nr. 5.



Oversiktskart.

Føremålet med planarbeidet er å gjere om Frekhaugkrysset på fv. 564 til ei rundkøyring og kople på fv.244 inn på rundkøyringa, det blir satt av areal til gjennomgåande gang- og sykkeltilbod både på fv. 564 og fv. 244 opp til skulen og idrettsanlegget, og areal til framtidig mogleg ombygging av kollektivhaldeplassen ved Frekhaug sentrum. Vegvesenet har tilstreba å redusere talet avkøyrslar frå fv. 244.

Planområde fell delvis saman med areal som kommunen har regulert gjennom områdeplan for Frekhaug sentrum (sist endra 2017). Rundkøyringa i vegvesenet sitt planforslag er endra i høve eksisterande områdeplan, flytta lengre sør, oppgradert etter gjeldande normkrav og påkopla ny vegarm frå fv. 244. Dagens kryss mot fv. 244 vert sanert. Dei planlagde tiltak vert regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Eksisterande areal som inngår i planen og som ligg under areal for midlertidig arealbeslag for rigg og anlegg, vert regulert til Landbruks-, natur-, og friluftsføremål og reindrift, og Bygningar og anlegg, i tråd med kommuneplanen sine føremål i området. Ut over dei overlappende areala legg ein til grunn at eksisterande plan framleis skal vera gjeldande. Pågåande planarbeid for Langelandsskogen og delar av Frekhaug nord vil delvis erstatta noko av desse tilgrensande areala i høve til i dag.

Tilgrensande planar

Ny detaljregulering av fylkesvegane erstattar kommuneplanen innanfor planområde og deler av gjeldande områdeplan; *Områderegulering for Frekhaug sentrum planID 1256 2010 0004 (sist endra 2017)*

Andre tilgrensande planar under arbeid er:

Områderegulering for Langelandsskogen og deler av Frekhaug nord planID. 1256 2017 0004
Detaljregulering for Langeland B5 planID. 1256 2016 0001

Planprosess

Det vart gjennomført oppstartsmøte 05.09.2017 og høringsperiode for varsel om oppstart av planarbeidet var 23.09.2017 – 25.10.2017.

Til varsel om oppstart kom det inn 2 private merknader og 9 offentlege uttaler. Disse er oppsummert og kommentert i planomtalen i Kap. 11. Planområdet vart utvida i planprosessen og varsla på nytt på begrensa høyring til offentlege instansar og råka partar for utvidinga.

Begrensa høringsperiode for utviding av planområdet var 15.06.2018 – 06.07.2018.

Undervegsmøter er avhelde 07.12.2017 og 22.01.2019. Planforslaget er motteke til 1. gongs handsaming i mai 2019.


Om planforslaget

Planforslaget legg opp til at dagens Frekhaugkryss på fv. 564 vert erstatta med ei rundkøyring og påkoplarm av fv. 244. Dagens kryss mot fv. 244 vert sanert. I tillegg legg planen til rette for utbetra køyreveger på dei aktuelle delane av fv. 564 og fv. 244, med oppgradering av køyrefelt i begge retningar, asfaltert skulder og god breidde på grøfter. Eksisterande kryss og avkøyrslar langs fv. 244 vert oppgradert, lagt om, eller sanert. Det vert langsmed fv. 244 etablert eit separat, gjennomgåande tilbod for gåande og syklende, der ein rabatt og/eller rekkverk skil køyrande og mjuke trafikantar. Langsmed fv. 564 sett planen av areal til framtidig sykkelveg med fortau. Det er òg sett av utvida areal til kollektivhaldeplass ved Frekhaug sentrum i høve det som er regulert i gjeldande områdeplan for Frekhaug sentrum. Framkomme til haldeplass er sikra med fortau/GS-veg og tilrettelagte kryssingspunkt.



Utsnitt som syner veglinja i ny plan.

Planen føreset utbygging i fleire byggetrinn, der rundkøyringa og nokre delar av fv. 244 er tenkt realisert som byggetrinn 1 gjennom Nordhordlandspakken sitt prosjekt nr. 5. I byggetrinn 1 vert rundkøyringa inkludert kryssande tilbod for gåande og syklende koplarm mot dagens Havneveg og dagens kollektivhaldeplass mot sør, og arm av fv. 244 vert koplarm på frå nord.




Byggetrinn 1

Reguleringsføresegna opnar for mindre justeringar mellom vegføremåla i planen. På denne måten får ein noko handlingsrom i høve Nordhordlandspakken sine føresetnader for området. Justeringane mellom vegføremåla kan avklarast i byggjeplanfasen, og ein kan då streve etter å oppnå mest mogleg tiltak og tilpassing mot eksisterande tilhøve som del av dei tiltaka som skal inngå i Nordhordlandspakken. Resterande regulerte tiltak i planframlegget vil avhenge av anna finansiering.

Køyreveg


Del av fv. 564 som skal utbetrast følgjer utbetningsstandard for øvrige hovudvegar, vegklasse 2 (HØ2), med tilpassingar mot tilgrensande delar av fv. 564 mot Flatøy og mot Rossland, sjå tverrprofil nedanfor.

Grøftebreidda vil variere langs tiltaka. Det er sett av areal til 1,5m brei grøntrabatt mellom køyrebanen og GS-tilbodet på både fv. 564 og fv. 244, som kan reduserast til 0,75 m rekkverksrom om det syner seg naudsynt. Dette gjeld særskild i høve tilpassing mot tilgrensande eksisterande GS-veg attmed fv. 564 i begge endar av planområdet, som i dag er adskild med rekkverk.



Tverrprofil syner køyreveg og framtidig sykkelveg med fortau i fullregulert situasjon for fv. 564, med prinsipp 1,5m rabatt, som evt. kan reduserast til 0,75m rekkverksrom (Utsnitt frå planomtalen s.49).

Del av fv. 244 som skal utbetrast følgjer utbetningsstandard for Lokale vegar L1. Fv. 244 var tidlegare i planprosessen planlagt som Samleveg Sa2, men i planprosessen vart det vedteke ny vegnormal Statens vegvesen si handbok N100 og Sa2 som vegstandard fell då bort.




Tverrprofil syner kjøreveg og gang- og sykkelveg for fv. 244, med prinsipp 1,5m rabatt, som evt. kan reduserast til 0,75m rekkverksrom (Utsnitt frå planomtalen s.51).

Kryss og avkjørsle

Ny rundkjøring ved Frekhaug sentrum skal leggje til rette for betre trafikkflyt for alle typar trafikantar og i alle køyreretningar, i høve dei to eksisterande T-kryssa på kvar sin side av fv. 564 som er der i dag.

Planforslaget legg til rette for utbetningar og omlegging av nokon eksisterande avkjørsler langsmed fv. 244. Ved avkjørsle på nordsida av fv. 244 er gang- og sykkelvegen trekt 5 meter tilbake frå fylkesvegen. Dette for at ein personbil skal kunne stå mellom fylkesvegen og kryssande gang- og sykkelveg ved inn- og utkøyring.

Kryss frå fv. 244 mot Bustølvegen vert bygd om og flytta nokre meter mot aust.



Utsnitt syner kryss mot Bustølvegen bygd om og flytta.

Fortau, gang og sykkelveg og sykkelveg med fortau

Planforslaget legg til rette for samanhengande gang- og sykkelveg for mjuke trafikantar i heile planområdet. Gang- og sykkelveg langsmed fv. 244 vil vere 3m brei, med 0,25m grusa skulder mot landbruksareal. I tillegg er det sett av 1,5m breidde til rabatt mot kjørebane, som kan reduserast til 0,75m rekkverksrom om det syner seg naudsynt. Gang og sykkelvegen vert utforma i samsvar med

krav om universell utforming.

Langsmed fv. 564 er det sett av areal til framtidig utviding til sykkelveg med fortau, 3m+2,5m. Bygging av denne inngår ikkje i byggetrinn 1. I byggetrinn 1 vert det lagd til rette for gang- og sykkelveggar rundt rundkøyringa som tilpassast eksisterande GS-areal attmed fv. 564 og Havnevegen. Dagens GS-veg ved fv. 564 er 3m brei med rekkverk/rail mot køyrebanen.

Planframlegget opnar for to fotgjengerkryssingar av fv. 564 i plan på kvar side (sør og nord) av ny rundkøyring. Statens vegvesen argumenterer for at dette er inne i ei sone med gatepreg inn mot rundkøyringa, der det vil vere naudsynt med redusert fart og ekstra aktsemd ovanfor mjuke trafikantar. Framtidig sentrumsutvikling på begge sider av fv. 564 tilseier og at areala inntil rundkøyringa vil ha eit meir gatepreg i høve vegnormalane enn dagens situasjon.

Fortau

Det er lagt opp til fortau fleire stader langs dei planlagde tiltaka. Breidde vil variere avhengig av om det er planlagt nytt fortau eller om det skal koplast på og tilpassast eksisterande fortau. I byggetrinn 1 som er tenkt å inngå som del av Nordhordlandspakken, vert bygging av GS-areal rundt rundkøyringa tilpassa mot eksisterande fortau i Havnevegen ved busshaldeplassen.

Ved snusløyfen for buss sør for fv. 244 ved Sagstad skule og busslomme på nordsida av fylkesvegen på same staden er det sett av areal til forlenging av fortau.

Parkering

Dagens parkeringsplass ved kollektivhaldeplassen er allereie sett av til anna føremål i gjeldande områdeplan for Frekhaug sentrum. Detaljregulering av fylkesvegane gjer om på dette og sett av større areal til framtidig ombygging av kollektivhaldeplass enn gjeldande områdeplan. Statens vegvesen begrunnar dette med at kollektivarealet som er regulert er for lite som eigna areal for manøvrering av inntil 3 bussar samtidig, som Skyss har påpeika som behov på staden.

Sykkelparkering

Innanfor areal for framtidig ombygging av kollektivhaldeplass vil det være mogleg å leggje til rette for sykkelparkering. Dette må evt. detaljerast i byggjeplan før kollektivhaldeplassen vert bygd om. Dette inngår ikkje i byggetrinn 1 som del av Nordhordlandspakken.

Kollektiv areal:

Det er i planframlegget for fylkesvegane sett av eit større areal for framtidig ombygging av kollektivhaldeplass ved Frekhaug sentrum, aust for fv. 564, enn det gjeldande områdeplan opna for. Dette inngår ikkje som del av byggetrinn 1 som del av Nordhordlandspakken. I byggetrinn 1 vil dagens kollektivhaldeplass bli liggjande som i dag, og ny arm av Havnevegen til rundkøyring vil kople seg på denne.

Eksisterande snu sløyfe for buss ved Sagstad skule er i planframlegget i stor grad behalde som i dag, men det er sett av areal som gjer det mogleg å i framtida vide ut kollektivarealet mot vest og merke av eit par plassar for biloppstilling og langsgåande fortau «Kiss&ride» mot skulen. Dette inngår heller ikkje som del av byggetrinn 1, men syner ei framtidig moglegheit for ombygging.

Skjering/fyllingar

Sideareal (grøftar, fyllingar og skjeringar) langs vegen er synt i plankartet som anna veggrunn-grøntareal. Areal som er synt som mellombels rigg- og anleggsområde skal etter ferdigstilling av anlegget formast naturleg i høve til omliggande terreng, og plantast til med lokale stadeigne artar. Fyllingar mot dyrka mark og beiteområde langsmed fv. 244, skal utformast med ei helling på 1:7. slik

at areala framleis kan nyttast og haldast ved like heilt inn til vegkant.

Rekkverk

Mellom køyrebanen og GS-løysingane på fv. 564 og fv. 244 er det sett av areal til 1,5m brei grøntrabatt. Dette kan om naudsynt reduserast noko, og bytast ut med 0,75m rekkverksrom langsmed begge fylkesvegane. Men det kan òg nyttast som 1,5m brei grønt rabatt utan rekkverk. Nordhordlandspakken skal til med i byggetrinn 1.

Murar

Det ligg i eige notat føre tilstandsvurdering av dei eksisterande tørrmurane ved kulturmiljøet på Langeland, på nordsida av fv. 244. Dei godt bevarte steinmurane og trappene ligg utsett til og må sikrast i anleggsperioden. Ved eventuelle skader på murane og steintrappene må desse reetablerast i samband med anleggsarbeida. Det vil og vere naudsynt med kantar og murar i anna veggrunn mot sentrumsareala aust for fv. 564, detaljering av murar innan føremål for anna veggrunn skal detaljerast i byggeplanfasen for prosjektet.

Grøntareal

Mot dyrka mark skal vegfylling ha stigning/fall på 1:7 og skal såast til inntil grøftekant for å i størst mogleg grad kunne nytte areala inn mot fv. 244 til landbruk og i framtida. Grøntabattar i området vert sådd til med gras.

Universell utforming

Tiltaket får i høve planframlegget universelt utforma og gjennomgåande gang- og sykkelløysingar. Tiltaket medfører at tilgjenge langs heile strekinga aukar, og gjer det lettare for menneske med nedsett rørsleevne å ferdast i heile planområdet.

Gang- og sykkelvegløysingar i planområde er utforma med stigningstilhøve som ligg innanfor krava til universell utforming.

Overgangsfelt og busshaldeplass vert utforma med leieliner og taktile heller.

Område for anlegg og rigg

Midlertidig område for anlegg og rigg er synt i plankarta som eige føresegningsområde #1 - #5. Riggområde og anleggsbelte kan nyttast under anleggsperioden til riggplass, anleggsvegar og lagerplass for material, midlertidig handtering av massar, til anleggsbrakker, oppstilling av maskiner og utstyr m.m.

Areala under midlertidig område for anlegg og rigg skal setjast i stand i høve føremål som gitt i kommuneplanens arealdel når veganlegga ferdigstillast. Vegfylling ved landbruksareala (L) langsmed fv. 244 er gitt helling på 1:7 og elles tilpassing mot eksisterande terreng. Dette for at så mykje som mogleg av areala skal kunne vere drivbare til landbruksføremål heilt inntil grøftekant.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har i samband med arkeologiske registreringar i planområde avdekkja til no ikkje kjende automatiske freda kulturminne. Automatisk freda kulturminne (askeladden ID ID242205_1, kokegroplokalitet) ligg i framtidig vegareal for fv. 244 er regulert som føresegningsområde. Det er krevd frigjeving for kulturminnet med tilhøyrande sikringssone hjå kulturminnemynde før arbeide på denne delen av fv. 244 kan starta opp i det området der kulturminnet med sikringssone i dag ligg. Dette vil vera gjeldande for fullregulert situasjon, byggetrinn 1 (tiltak i

Nordhordlandspakken) vil ikkje vera i konflikt med det automatisk freda kulturminnet.



Utsnitt: Kulturminne og sefrak-bygg ved fv. 244

Anna kulturminne i nærleiken ligg på nordsida av fv. 244 utanfor plangrensa for vegplanen, inne i planområde for kommunen sin pågåande områderegulering for Langelandsskogen og delar av Frekhaug Nord. Hordaland fylkeskommune har bedt om at fylkesvegplanen vert utvida for å dekkje kulturminna oppe i lia, men desse kulturminna ligg utanfor tiltaksområde for fylkesvegen og er vurdert å heller vere naudsynt å avklare i prosessen for pågåande områdeplan for Langelandsskogen og Frekhaug Nord.

ROS-analyse:

Det er gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) til reguleringsplanen. ROS-analysen ser på konsekvensar utbygging av vegen vil få for nærområdet. Potensielle uønskte hendingar som følgje av tiltaket, som dårlige grunntilhøve og fare for ulukker i anleggsfasen, er følgd opp med anbefaling av tiltak som reduserer risikonivået for hendingane.

Det er utarbeidd eigne rapportar for støy og geotekniske undersøkingar. Planforslaget med føresegn sikrar gjennomføring av eventuelle støytiltak i tråd med gjeldande krav.

Dei geotekniske undersøkinga og tilhøyrande vurderinga i eigne notat gjer anbefalingar for anleggsgjennomføring og har gjeve viktige føresetnader for plassering av den nye rundkøyringa i planframlegget.

Vurdering

Hovudføremål

Framlegget til reguleringsplanen er i stor grad itråd med overordna plan og rådmann sluttar seg til hovudgrepet i planforslaget med samferdselsanlegg og regulering av ny rundkøyring, tilkomstvegar og gang- sykkeløysingar ved Frekhaug sentrum.

Fylkesvegtiltaka inneber ein del midlertidige inngrep i dyrka mark i anleggsperioden. Utviding av fv.

244 og bygging av gang- og sykkelveg vil permanent beslaglegge dyrka mark i større grad enn vegane gjer i dag. Til gjengjeld vert vegstandaren utbetra og rusta til å ta i mot den framtidige trafikkmengda som er planlagt med fortetting i tilgrensande og framtidige planer, særskild i Langelandsskogen og Langeland B5.

Syklistar, gåande og bilistar vert skilt frå kvarande, som er eit viktig tiltak for tryggleik på fv. 244 som i all hovudsak har mangla tilbod for mjuke trafikantar. Ny rundkøyring, utbetra køyrebaner, betra kurvatur, kryss og avkøyrsløse vert oppgradert, som samla sett aukar trafiktryggleiken for alle trafikantar, og reduserer risiko for ulykker i planområde.

VA-rammeplan

Det er utarbeidd VA-rammeplan for planområde som skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering. Rådmannen ser at det er trong for tettare dialog om løysingar knytt til:

- Stikkrennen \varnothing 1000 ved pel 960 må sjekkast for vidare nedstrøms. Dette kan gjerast i samband med at kommunen må senke spillvassleidningen som går mot pumpestasjonen. Dette må gjøres i samarbeid med Vegvesenet då fylkesvegen må krysses.
- 2.2 Drensrør bør helst være 160mm, og stive rør. Ikke rør på kveil.
- 3.2.1 og 3.2.2 osv. Vassleidningane må i tillegg til varerør, erstattes med PE, og oppdimensjoneres i samråd med kommunen.

Folkehelse

Tiltaket legg opp til eit samanhengande gang- og sykkelvegnett i planområdet og gjev dei mjuke trafikantane eit eige areal, skilt frå køyrevegen. Dette gjev ein positiv reiseoppleving og gjer strekninga meir brukarvenleg.

Gang- og sykkelvegen ved fv. 244 knyter seg og opp mot innfallsårer til turnettet i området. Brukarvenlege og attraktive gang- og sykkelvegar legg til rette for ein aktiv kvardag for alle brukargrupper, noko som vil kunne bidra positivt til folkehelsa.

Miljø

Utviding av fv. 244 vil leggje beslag på meir dyrka mark innan kjerneområde for landbruk, enn det dagens fylkesveg gjer. Her må ein vekte samfunnsinteressene ved oppgradering av infrastruktur i høve til jordvern i området. Planar om fortetting i Langelandsskogen og Langeland B5 tilseier eit behov for å skilja gåande og syklande ved fv. 244.

Etablering av ny planlagt rundkøyring vil råke myr og våtmarksområde nord for fv. 564 mot Langelandsskogen. Dette gjeld areal som allereie i stor grad er sett av til kombinerte føremål for busetnad og anleggsføremål i KPA (BT_2). Resterande areal av myr og våtmark ved Frekhaug sentrum som ikkje vert beslaglagd i samband med fylkesvegtiltaka, vil erstattast av utbygginga som kjem i planområde for områdeplan Langelandsskogen og delar av Frekhaug Nord.

Utbygginga ved fv. 244 vil krevje utgraving og frigjeving av kulturminne. Det vil trenge eigne avklaringar med kulturminnemynde.

Gjennom føresegn 2.3 – 2.5 er det knytt eigne føresegner til planen for bevaring av grønstruktur/ revegetering, handsaming av massar og dyrka mark og mot spreiding av framande artar i tillegg til

vern mot ureining av vatn og bekkar.

Økonomi

Byggetrinn 1 av dei regulerte tiltaka er knytt til Nordhordlandspakken sitt prosjekt nr. 5. Budsjettet som er sett av i Nordhordlandspakken for gjennomføring krev midlar utover det som er avsett til dette prosjektet pr. d. d i bompengepakka. Største usikkerheten er knytt til marknadssituasjonen, grunntilhøve, massar/massehandtering og anleggsteknisk gjennomføring tett innpå Frekhaug sentrum. Resterande planlagde tiltak vil trenge anna finansiering.

Konklusjon

Rådmannen vurderer at planforslaget kan leggjast ut til offentleg ettersyn slik det no ligg føre. Rådmannen har ein kommentarar til planforslaget som ein ber om vert vurdert før 2. gongs behandling av planforslaget:

· VA-rammeplan i høve merknader gitt ovanfor.

Framlegg til vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244. Planid. 1256 2017 0003, vist på plankart sist datert 25.3.2019, med tilhøyrande føresegner datert 25.03.2019.

Før 2. gongs handsaming av planforslaget ber kommunen om at VA-rammeplan i høve det kommunale leidningsnettet vert nærare vurdert».

Utval for drift og utvikling - 58/2019

UDU - behandling:

Asbjørn Larsen, AP ville ha sin habilitet vurdert knytt til si tilknytning til føretaket Rema 1000. Asbjørn Larsen gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Avrøysting:

Asbjørn Larsen vart samrøystes erklært habil med tilvising til forvaltningslova § 6. Asbjørn Larsen tok sete ved handsaming av saka.

Framlegg til tilleggspunkt frå Erling Rønnestad, KrF:

Utval for drift og utvikling vil foreslå at i det vidare arbeid med rundkøyring i Frekhaug legg til rette for nye parkeringsplassar.

Det bør vurderast at det i forhold til ny busshaldeplass vert avsett areal til parkeringsplassar.

Framlegg til tilleggspunkt frå Fredrik Seliussen, H:

1. Utval for drift og utvikling vil at en komplett gang- og sykkelsti til Sagstad skule skal skisseres i planen.

Det er ønskelig at eksisterende bro brukes til skolevei som knyttes sammen med fortau langs ny fylkesvei. Fortau skal fortrinnsvis legges på samme side som barneskole.

2. Før 2. gangs behandling av planforslaget ber Utval for drift og utvikling om at gang- og sykkelstien langs fylkesvei 244 blir vurdert som byggetrinn 1.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggspunkt frå Erling Rønnestad vart samrøystes vedteke.

Tilleggspunkt 1 frå Fredrik Seliussen vart samrøystes vedteke.

Tilleggspunkt 2 frå Fredrik Seliussen fekk 3 røyster for, (2 H, FrP), 6 røyster mot, (3 AP, KrF, SP, MDG), og fall.

UDU - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244. Planid. 1256 2017 0003, vist på plankart sist datert 25.3.2019, med tilhøyrande føresegner datert 25.03.2019.

Før 2. gongs handsaming av planforslaget ber kommunen om at VA-rammeplan i høve det kommunale leidningsnettet vert nærare vurdert.

Utval for drift og utvikling vil foreslå at i det vidare arbeid med rundkøyring i Frekhaug legg til rette for nye parkeringsplassar.

Det bør vurderast at det i forhold til ny busshaldeplass vert avsett areal til parkeringsplassar.

Utval for drift og utvikling vil at en komplett gang- og sykkelsti til Sagstad skule skal skisseres i planen.

Det er ønskelig at eksisterende bro brukes til skolevei som knyttes sammen med fortau langs ny fylkesvei. Fortau skal fortrinnsvis legges på samme side som barneskole.